

Statsforvalteren I Vestfold Og Telemark
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Vår dato: 11.09.2026
Vår referanse: 26/1539- 9
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Regionale miljøtilskot i jordbruket - Informasjon om søknadsomgangen 2026

Tysdag 15. september opnar søknadsomgangen for regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP). I dette brevet finn de viktig informasjon om årets søknadsomgang.

Oppdaterte rettleiarar og informasjon på nettsidene

Nettsidene til Landbruksdirektoratet er oppdatert med informasjon retta mot både søkjarar og sakshandsamarar. Rettleiaren for søkjar er oppdatert for årets søknadsomgang og vert publisert på våre nettsider innan søknadsomgangen opnar. Det er veldig nyttig for sakshandsamarane i kommunane å gjere seg kjent med denne, då mange av spørsmåla søkjarane har er forklart i nettopp denne rettleiaren.

Nytt om fagsystemet eStil-RMP

Fagsystemet er flytta til ny applikasjonsplattform, Nais. Det har vore ei omfattande og arbeidskrevjande omlegging. Vi håpar at vi har fått luka ut alle feil som har dukka opp i samband med dette, men ta kontakt om de oppdagar eller får tilbakemeldingar om feil i fagsystemet. Vi ber om at de melder dette som vanleg til miljoorakelet@landbruksdirektoratet.no

I fagsystemet har vi nokre viktige endringar å melde om:

Offisielle varslingsadresser i eStil

I både søknaden om regionalt miljøtilskot og søknaden om tilskot til organisert beitebruk er felte for mobilnummer og e-postadresse fjerna. Frå no av vil eStil bruke dei offisielle varslingsadressene som er registrert på føretaket i Brønnøysundregistrene til å sende søknadskvittering og vedtaksbrev. Søkjaren blir informert om dette i sjølve søknaden, på sida «Grunnopplysningar».

Ny knapp for å vise kart

I søknaden om regionalt miljøtilskot er det på søkjaren si hovudsida lagt til ein ny knapp, «Vis kart». Kartet blir tilgjengeleg når søkjaren har sendt inn søknaden og vil vere synleg fram til søknadsfristen. Føremålet er at søkjaren enkelt skal kunne sjå kva for tiltak som er teikna inn og søkt om i kartet, utan å måtte gjenopne sjølve søknaden.



Landbruksdirektoratet
Ennandoallodirektorahtta

https://estil.landbruksdirektoratet.no/soeker/rmp/oversikt



Bokmål

Du representerer nå 981620852

Logg ut

Regionalt miljøtilskudd

Du representerer foretaket LANDBRUKSDIREKTORATET OSLO, 981620852

Hvis du har tiltak i flere fylker, må du opprette en søknad per fylke. Merk at dette ikke gjelder de fylkene som fortsatt har felles statsforvalter, altså Troms og Finnmark, Vestfold og Telemark og Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

Opplysningene du legger inn blir automatisk lagret når du går til neste eller forrige side i skjemaet. Du kan forlate skjemaet underveis og fortsette utfyllingen senere.

Søknadsfristen er 15. oktober. Det er mulig å registrere søknad og levere etter fristen, men da vil tilskuddet bli redusert med 1 000 kr for hver dag etter fristens utløp. En søknad kan senest leveres den 29. oktober. Dersom du har levert søknaden innen fristen 15. oktober, kan du endre søknadsopplysningene frem til og med 29. oktober, uten at utbetalingen reduseres med 1 000 kr per dag.

Søk regionalt miljøtilskudd
Søknadsregistrering åpnet 15.09.2026

Dispensasjoner

Fylke	Gyldig til
Innlandet	30.09.2026

Registrerte søknader

Søknad mottatt
Søknaden for Innlandet er sendt inn og mottatt. Kvitteringen er sendt til foretakets meldingsboks i Altinn.

Fylke	Saksbehandlende kommune	Status	Søknadsfrist	Innsendt dato	
Innlandet	Gran	Mottatt	15.10.2026	04.09.2026	Kvittering Gjenåpne Vis kart

Melding når ein innlevert søknad vert gjenopna

I både søknaden om regionalt miljøtilskot og søknaden om tilskot til organisert beitebruk vil det no komme ei melding når ein gjenopnar ein søknad med status «Mottatt».

Meldinga står på alle sidene i søknaden:

https://estil.landbruksdirektoratet.no/soeker/rmp/registrer/embete/34/fylke/34/grun...

Søknaden er gjenåpnet, og må sendes inn på nytt for å være en gyldig innsendt søknad.

Grunnopplysninger

Miljøtiltak i kart

Egenerklæringer

Vedlegg

Melding til saksbehandler

Innsending

Grunnopplysninger

Oppdager du feil i opplysningene om foretaket ditt, må du endre disse i Enhetsregisteret.

Om foretaket


Organisasjonsnummer 981620852	Adresse Postboks 56 7701 STEINKJER
Navn på foretak LANDBRUKSDIREKTORATET OSLO	Driftssenter Driftssenter er ikke registrert
Innehavers navn	

RMP-kartet


Det er tatt inn fleire nye kartlag for søknadsomgangen 2026. Vi har fått inn verdsarvområda (ARV), utvalde kulturlandskap (UKL), marin grense og gards- og bruksnummer. I tillegg er det tatt inn regionale kartlag. I Rogaland er det tatt inn kartlaget *Tilrettelegging for hekke- og beiteområder for fugl*, i Trøndelag *Gås – prioriterte områder* og i Troms og Finnmark – *jordbruksregioner*. Vi ser ikkje vekk frå at det er mogleg å ta inn fleire regionale kart om det er ønskeleg. Ta kontakt om de har ferdige wms'ar som gjer det lett å hente dei inn i RMP-kartet. Vi har dessverre ikkje hatt kapasitet til å ta inn fleire enn desse tre regionale karta til denne søknadsomgangen.

Det er innført «klipping» mot Naturbase for til tiltaka skjøtsel av slåttemark, slåttemyr og kystlynghei. Frå i år vil ein berre få lovleg område på desse registreringane i Naturbase og det som vert teikna utanom registreringane vert klippa vekk.

Vi har lagt ut ein forbetra funksjon som skal vise kva som vart teikna inn av søkjar og kva endringar som er gjort av sakshandsamar. Vi håpar dette vil vere med på å trygge sakshandsamarane på å gjere endringar i kartet og ikkje berre i skjemaet, samtidig som det er fint for søkjar at deira versjon også ligg lagra i kartet. I dømet under er arealet på tiltaket spreiring av all husdyrgjødsel om våren/vekstsesongen redusert med 2 dekar av sakshandsamar. Slik ser det ut med vanleg visning for sakshandsamar:



Og slik ser det ut når ein hakar av for «tiltak før sakshandsaming»:



Om ein trykker i kartet i tillegg, får ein opp informasjon om kva som var teikna inn før og etter sakshandsaming:

Kart i RMP

Registrerte RMP - tiltak

☒ Tiltak

☐ Lovlig område

☒ Tiltak før saksbehandling

Bakgrunnskart

☒ Gråtoner

☐ Farger

☐ Raster

☐ Flybilde

Andre kartlag

☐ Vis mer

☐ AR5 – fryst RMP 30. aug.

☐ AR5 – dynamisk

☐ Kulturminner – Fredete

☐ Kulturminner – Alle

☐ Verdensarvområdene - ARV

☐ Erosjonsrisiko – flateerosjon

☐ Avrenning, prioriterte områder

☐ Tilskuddskart – ingen jordarbeiding

☐ Drågerosjon

☐ Helling

☐ Naturtyper – slåttemark

☐ Naturtyper – slåttemyr

☐ Naturtyper – kystlynghei

☐ Naturtyper – skjøtselsavhengige

☐ Verdifulle kulturlandskap

☐ Utvalgte kulturlandskap i jordbruk

☐ Marin grense

☐ Gnr/Bnr

Logget inn fra eStil Tilbake til skjema

Tiltak

Satskode	6.13.145.604
Tiltaksnavn	Spredning av all husdyrgjødsel om våren/i vekstsesongen
Areal	9 da

Tiltak

Satskode	23.24.150.701
Tiltaksnavn	Fangvekster sådd etter høsting
Areal	9,1 da

Tiltak før saksbehandling

Satskode	6.13.145.604
Tiltaksnavn	Spredning av all husdyrgjødsel om våren/i vekstsesongen
Areal	11,3 da

Tiltak før saksbehandling

Satskode	23.24.150.701
Tiltaksnavn	Fangvekster sådd etter høsting
Areal	9,1 da

20 m

Vi håpar desse forbetringane i fagsystemet blir tatt godt imot av både søkarane og sakshandsamarane i kommunen og hjå statsforvaltaren.

Vi minner elles om at søkjar skal ta kontakt med kommunen dersom dei har spørsmål om søknadar, plikter og rettigheter. Kommunen skal vidare kontakte statsforvaltaren dersom kommunen har behov for hjelp. Statsforvaltaren tek kontakt med Landbruksdirektoratet via Miljøorakelet dersom det er behov for fagleg bistand. Meldingar om feil kan de melde til Miljøorakelet. Det pleier å komme mange e-postar og telefonar til oss i løpet av søknadsperioden. Vi ser helst at vi får spørsmåla på e-post via Miljøorakelet og vi svarar fortløpande opp desse.

Vi ber om at dette brevet vert sendt vidare til kontaktpersonane dykkar ute i kommunane, som arbeider med RMP. Vi håpar at kommunane også i år oppmodar søkjarane om å starte på søknaden i god tid før fristen.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Ina Gii Solheim
seniorrådgiver

Julio Toro
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:

Statsforvaltaren I Møre Og
Romsdal
Statsforvaltaren I Rogaland
Statsforvaltaren I Vestland
Statsforvalteren I Agder
Statsforvalteren I Innlandet
Statsforvalteren I Nordland
Statsforvalteren I Troms Og
Finnmark
Statsforvalteren I Trøndelag
Statsforvalteren I Vestfold Og
Telemark
Statsforvalteren I Østfold
Buskerud Oslo Og Akershus